

Informasjon om

A Søknad om fortrinnsrett

B Søknad om individuell handsaming

C Søknad for elevar som kan ha behov for spesialundervisning, fysisk tilrettelegging eller sosialpedagogisk oppfølging

A Søknad om fortrinnsrett

Søknadsfristen er 1.februar.

Alle som søker om fortrinnsrett skal i tillegg til vigosøknad bruke digitalt skjema [Vedleggsskjema til søknad om vidaregåande opplæring](#). Skjemaet krev pålogging gjennom ID-porten.

Søknader om fortrinnsrett kan delast i fire grupper, etter følgjande §§ i forskrift til opplæringslova:

1: § 6-15 Søknad om fortrinnsrett til eit særskilt utdanningsprogram

To vilkår må vere oppfylte:

1. Omfattande behov for spesialundervisning

Når ein skal vurdere behovet skal ein sjå på: innhald, omfang og organisering i spesialundervisninga, og kva type kompetanse som trengst i opplæringa.

2. Særleg behov for inntak til eit særskilt utdanningsprogram

Inntak til eit særskilt utdanningsprogram skal ha svært mykje å seie for moglegheita søkeren har til å fullføre vidaregåande opplæring med yrkes- eller studiekompetanse. Om søkeren kan fullføre tre utdanningsprogram, har han eller ho ikkje eit særleg behov for inntak etter føresegna.

Inntak etter §6-15 krev ei sakkunnig vurdering etter § 6-16 i forskrifta. Det er pedagogisk psykologisk teneste (PPT) som er sakkunnig instans.

Søklar har rett til inntak til eit bestemt utdanningsprogram på vg1 dersom søklar har valt på grunnlag av, og i samsvar med, den sakkunnige vurderinga.

Saksgang for innsøking

- Skulen skal melde søklarane til fylkeskommunen innan 1. oktober.
- Søkjaren må søkje på vigo.no og i tillegg sende vedleggsskjema innan 1. februar.

Fylkesdirektøren for opplæring skal vurdere om søkeren fyller vilkåra etter § 6-15 i forskrifta. Dersom søkeren fyller vilkåra, skal fylkesdirektøren sende søknaden vidare til PPT for sakkunnig vurdering. Dersom søkeren ikkje fyller vilkåra, skal fylkesdirektøren sende skriftleg melding til skulen, og rådge søkeren til rett type søknad (t.d. etter § 6-22, § 6-25 i forskrifta, eller til ordinært inntak).

PPT skriv sakkunnig vurdering etter § 6-16 for dei som fyller vilkåra.

Vedlegg til vedleggskjema:

- ✓ Sakkunnig vurdering frå PPT etter § 6-16 i forskrifta
- ✓ Tidlegare enkeltvedtak om spesialundervisning etter opplæringslova §5-1
- ✓ Sakkunnig vurdering frå PPT om rett til spesialundervisning etter opplæringslova §5-1, gjeldande for inneverande år.
- ✓ Siste individuelle opplæringsplan (IOP)

Søklarar i denne gruppa får melding om inntak i midten av april.

2: § 6-17 Søknad om fortrinnsrett for søklarar med sterkt nedsett funksjonsevne

Fortrinnsretten gir søklarar som treng omfattande tilrettelegging på vidaregåande skule høve til å søkje på ein skule som er særskilt tilrettelagt. For denne gruppa er organisering av opplæringa viktigare enn val av utdanningsprogram. Merk at søkjaren ikkje har rett til inntak på ein bestemt skule.

Fire vilkår må vere oppfylte:

1. Vedtak om spesialundervisning
2. Sterkt nedsett funksjonsevne
3. Søkjaren må på grunn av sterkt nedsett funksjonsevne ha eit særleg behov for å gå på ein skule som er særskilt tilrettelagt
4. Søkjaren må ha dokumentasjon på dei særlege behova.

Det er ikkje behov for ny, eiga sakkunnig vurdering for inntaket til vidaregåande skule for denne gruppa søklarar.

Saksgang for innsøking

- Skulen skal melde søkjarane til fylkeskommunen innan 1. oktober.
- Søkjaren må søkje på vigo.no og i tillegg sende vedleggskjema innan 1. februar.

Vedlegg til vedleggskjema:

- ✓ Enkeltvedtak om spesialundervisning etter opplæringslova §5-1 inneverande år
- ✓ Sakkunnig vurdering frå PPT om rett til spesialundervisning etter opplæringslova §5-1, gjeldande for inneverande år.
- ✓ Siste IOP

Søklarane har rett til inntak til eitt av tre utdanningsprogram. Søklarar i denne gruppa får melding om inntak i midten av april.

3: § 6-18 og § 6-31 Søknad om fortrinnsrett for søklarar med rett til opplæring i eller på teiknspråk.

Ungdom med teiknspråk som førstespråk og med rett til opplæring i eller på teiknspråk etter opplæringslova § 3-9 kan søkje om inntak til eit teiknspråkleg miljø. Ein kan søkje på ein knutepunktskule (sjå §§ 6-40 til 6-43 i forskrifta), eller om opplæring med tolk på ein ordinær vidaregåande skule (sjå forskrift § 6-18).

Søklar har rett til eitt av tre valde utdanningsprogram. I Sogn og Fjordane gjeld retten til opplæring i og på teiknspråk alle skular, men og til dei utdanningsprogramma som knutepunktskulen Nordahl Grieg vidaregåande skule i Bergen gir.

Søknaden krev sakkunnig vurdering etter §6-41 i forskrifta. Det er PPT som er sakkunnig instans. Skulen gir melding om søkjarar etter § 3-9 til fylkeskommunen innan 1. oktober, og PPT skal ha utarbeidd ei sakkunnig vurdering dersom vilkåra for inntak til knutepunktskule er oppfylte (sjå forskrift § 6-40 og § 6-18).

Søkjar må føre opp i søknaden om han eller ho ønskjer vidaregåande opplæring på ein knutepunktskule, eller på ein ordinær vidaregåande skule med tolk. Søkjaren må ha valt i samsvar med den sakkunnige vurderinga.

Saksgang for innsøking:

- Skulen skal melde søkjarane til fylkeskommunen innan 1. oktober.
- Søkjaren må søkje på vigo.no og i tillegg sende vedleggskjema innan 1. februar.

Vedlegg til meldinga:

- ✓ sakkunnig vurdering etter §2-6 i opplæringslova
- ✓ karakterutskrift

Fylkesdirektøren sender meldinga til PPT for sakkunnig vurdering etter § 6-41.

Butilbod med sosialpedagogisk oppfølging

Elevar som søker inntak etter § 3-9 og som må flytte heimanfrå for å kunne gå på knutepunktskulen for Sogn og Fjordane, Nordahl Grieg vidaregåande skule i Bergen, kan søkje om tilrettelagt butilbod (sjå forskrifta § 19-5). Det må då gjerast greie for dette på vedleggskjemaet under punktet «fråsegn frå innsøkande instans».

Vedlegg til papirskjema ved søknad om butilbod:

- ✓ sakkunnig vurdering om behov for butilbod
- ✓ eiga fråsegn om behov for butilbod

Høyrsllehemma søkjarar til vg1 utan rett etter § 3-9

Høyrsllehemma elevar som ikkje har teiknspråk som førstespråk, men som på grunn av høyrsllehemminga likevel har behov for opplæring på ein knutepunktskule, Nordahl Grieg vidaregåande skule, kan søkje inntak etter individuell vurdering (sjå § 6-25).

Vedlegg til papirskjema:

- ✓ fråsegn frå søkjaren om bakgrunn for søknaden og vidare skulegang
- ✓ audiogram
- ✓ ev. annan relevant dokumentasjon

Alle søkjarane nemnde ovanfor må i tillegg registrere søknaden på vigo.no og sende vedleggskjema med dei vedlegga som går fram av det einskilde punktet innan 1.februar.

4: § 6-19 og § 6-32 Søknad om fortrinnsrett for søkjarar med enkeltvedtak om utvida tid

Elevar som har rett til spesialundervisning etter opplæringslova § 5-1, har rett til vidaregåande opplæring i inntil to år ekstra dersom eleven treng det for å nå opplæringsmåla.

Opplæringslova § 3-1 femte ledd krev to oppfylte kriterium for å kunne få utvida tid:

1. Eleven har rett til spesialundervisning, og det ligg føre ei sakkunnig vurdering av eleven sine særlege behov for opplæring ut over tre år (sjå opplæringslova kap. 5).
2. Eleven har behov for meir tid i vidaregåande opplæring for å nå opplæringsmåla sine. Den sakkunnige vurderinga skal ta stilling til om eleven vil ha utbytte av utvida tid for å nå opplæringsmåla.

Retten gjeld også elevar som har rett til opplæring i og på teiknspråk etter opplæringslova § 3-9, eller rett til opplæring i punktskrift etter opplæringslova § 3-10. For desse elevgruppene gjeld ikkje kravet om å oppfylle vilkåra for spesialundervisning.

Saksgang for innsøking:

- Skulen skal på eige [skjema](#) melde søkjarane til fylkeskommunen, etter å ha vurdert om eleven vil ha utbytte av utvida tid. Frist for innsending av skjema er 31.12.
- Søkjaren må søkje på vigo.no og i tillegg sende vedleggskjema innan 1. februar.

Fylkesdirektøren for opplæring skal vurdere om søkjaren oppfyller vilkåra etter § 6-19 i forskrifta. Dersom søkjaren fyller vilkåra, skal fylkesdirektøren fatte enkeltvedtak om utvida tid.

Vedlegg til vedleggskjema:

- ✓ Tidlegare enkeltvedtak om spesialundervisning etter opplæringslova §5-1
- ✓ Sakkunnig vurdering frå PPT om rett til spesialundervisning etter opplæringslova §5-1, gjeldande for inneverande år.
- ✓ Siste individuelle opplæringsplan (IOP)

Søkjarar i denne gruppa får melding om inntak i midten av april.

B Søknad om individuell handsaming

Søknadsfristen er 1.februar.

Alle som søker om individuell handsaming skal bruke digitalt skjema [Vedleggsskjema til søknad om vidaregåande opplæring](#). Skjemaet krev pålogging gjennom ID-porten.

Forskrift til opplæringslova kapittel 6 omhandlar søkjarar som ikkje kan konkurrere med karakterar i inntaket.

Søkjarar til vidaregåande opplæring etter ein av desse paragrafane i forskrift til opplæringslova har krav på individuell handsaming av søknaden:

- § 6-22 Søkjarar som har rett til spesialundervisning, og som manglar vurdering med karakter i meir enn halvparten av faga.
- § 6-23 Søkjarar som har rett til særskild språkopplæring etter opplæringslova § 2-8, og som manglar vurdering med karakter i meir enn halvparten av faga.
- § 6-8b Minoritetsspråklege søkjarar som har enkeltvedtak om særskilt språkopplæring etter oppl.l. §2-8 eller §3-12.
- § 6-8c Søkjarar som er nyleg komne til Norge

- § 6-25 (vg1) Søkjarar som av særlege grunnar må handsamast særskilt. (Tungtvegande medisinske eller sosiale/emosjonelle grunnar til å få opplæringstilbodet sitt i eitt bestemt distrikt)
- § 6-26 Søkjarar utan vurdering med karakter i halvparten av faga.

Ein søknad om inntak etter individuell handsaming utløyser ikkje ein rett til inntak på første skuleønskje eller høgast prioriterte utdanningsprogram.

C: Søknad for elevar som kan ha behov for spesialundervisning, fysisk tilrettelegging eller sosialpedagogisk oppfølging

Søknadsfristen er 1.mars

For at din nye skule skal kunne legge til rette for at du får ein god start i vidaregåande opplæring er det viktig at skulen har informasjonen som kan hjelpe med å legge til rette opplæringa di. Denne meldinga er å sjå på som ei informasjonsmelding til din nye vidaregåande skule.

Opplæringslova § 5-4 seier følgjande om spesialundervisning:

«... Skolen skal ha vurdert og eventuelt prøvd ut tiltak innanfor det ordinære opplæringstilbodet med sikte på å gje eleven tilfredsstillande utbytte før det blir gjort sakkunnig vurdering»

Elevar som har hatt spesialundervisning på ungdomsskulen har ikkje automatisk rett til dette i vidaregåande skule. Elevar som meiner dei har behov for spesialundervisning i vidaregåande skule skal søkje i ordinært inntak og hake av i rubrikken *Søkjjar som kan ha behov for spesialundervisning, fysisk tilrettelegging eller sosialpedagogisk oppfølging*

Dette gir normalt ikkje fylkesdirektøren for opplæring høve til å avgjere om ein elev har behov for spesialundervisning før det er prøvd ut tiltak innanfor det ordinære opplæringstilbodet. Unntaket er der elevar har eit opplagt behov for spesialundervisning. Fylkesdirektøren si vurdering er at elevar som får inntak etter fortrinnsrett eller individuell handsaming etter §6-22 har eit opplagt behov for spesialundervisning.

Søkjarar som tidlegare har hatt spesialundervisning, og som ikkje søker inntak med fortrinnsrett eller individuell handsaming etter § 6-22, skal søkje i ordinært inntak.

Meir informasjon finn du under overskrifta *Ordinær søknad til vidaregåande opplæring*.

- ✓ **Søknadsfristen for både fortrinnsrett og individuell handsaming er 1.februar. Søknaden skal registrerast på vigo.no, og i tillegg skal du sende utskrift av vigosøknad eller papirsøknad med alle vedlegg til:**

Sogn og Fjordane fylkeskommune, Askedalen 2, 6863 Leikanger.

- ✓ **Søknadsfristen for elevar som kan ha behov for spesialundervisning, fysisk tilrettelegging eller sosialpedagogisk oppfølging er 1.mars.**
- ✓ **Alle skjema ligg på heimesida til fylkeskommunen.**

